

NISSEDAL SOKN

Kyrkjelydens årsmøte søndag 14. april

Kyrkjebygda bedehus kl. 16.00.

Sakliste

1. Årsmelding 2023.

- **Nissedal sokneråd**
- Treungen søndagsskule
- Felle søndagsskule
- Nissedal søndagsskule
- Nissedal Yngreslag
- Kyrkjelydsbladet
- Prostidiakonen. Eiga årsmelding.

2. Årsrekneskap Nissedal sokneråd 2023

- **Frå driftsrekneskapen**

3. Eventuelt

- **Informasjon om arbeidsdokumentet: Samla plan**
- **Informasjon om eventuell prestevakanse**

Årsmelding 2023



Nissedal sokneråd

1. ALLMENT

Nissedal kommune ynskjer å vere ein kommune i vekst og med gode tilbod til alle.

I Nissedal kommune sitt handlingsprogram for 2023-2026 står det mellom anna fylgjande under Nissedal kommune sin visjon: «*NISSEDAL – der det gode liv levast*»

- *Me må trivast*
- *Me må kjenne oss inkludert*
- *Me må få hjelp når me treng det*
- *Me må ha valfridom*
- *Me må ha økonomisk tryggleik*
- *Me må vere til nytte*

For at desse måla skal bli realisert har kyrkja ein sentral plass. Som ei levande folkekyrkje er kyrkja ein viktig del av lokalsamfunnet, og sentral i trusopplæringsarbeidet og haldningsskapande arbeid.

Kyrkja ynskjer å bidra til å skape gode lokalsamfunn, prega av nærleik, varme, omsut og engasjement.

Utvikling av samarbeids – og møtepunkt, er bidrag til å gjere kyrkja til meir enn ein utgiftspost lova legg på kommunen.

2. MÅLSETJING

-Ta vare på, forvalte og drive kyrkjene / kyrkjegardane i kommunen etter gjeldande lover og på ein tenleg måte for kyrkjene og lokalsamfunnet.

-Stå til teneste for innbyggjarane i kommunen, praktisk, åndeleg og medmenneskeleg.

§ 9 i Kyrkjelova. « Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, dømte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet»

3. ORGANISERING

Nissedal og Treungen vart slege saman til eitt sokn frå og med 01.01.2012. Det vart valt inn 6 personar i det nye Nissedal sokneråd. Desse 6 er og fellesråd saman presten og ein politisk representant vald av kommunestyret.

Fellesrådet fører tilsyn med kyrkjene og kyrkjegardane i kommunen. Dei praktiske oppgåvene som fylgjer av fellesrådet sitt tilsynsansvar, vert utført av dei kyrkjelege tilsette. Kyrkjeverja er sekretær / sakshandsamar for soknerådet og administrativ leiar for kyrkja.

Soknerådet sine medlemmer 2023 fram til valet.

Anita Haugstad Haugsjå, leiar.

Asbjørn Nes Hansen, nestleiar (trekte seg som nestleiar våren 2021)

Gunnhild Breivik Rieber-Mohn

John Nordbø
Olav Borstad
Astrid Eidem Nordal (nestleiar frå våren 2021)
Halvor Homme, kommunen sin representant
Knut Bjørn Skyttemyr, prest

Vara i soknerådet:

Arvid Hansen
Ole Kristian Bøe
John Olav Klodvik
Marit Liodden

Kristine Sandall, vara for kommunen sin representant

Etter valet er det nye soknerådet

Gerd Irene Sønnerland, leiar.
Astrid Eidem Nordal, nestleiar
Mari Stana Borstad
Gunnhild Breivik Rieber-Mohn
John Nordbø
Arvid Hansen
Ian Parry-Jones, kommunen sin representant
Ragnar Kortner, prest

Vara i soknerådet:

Ole Kristian Bøe
John Olav Klodvik
Olav Borstad
Maroli Mandt
Tove Neset

Tellef Nygård, vara for kommunen sin representant

Saker:

Soknerådet har hatt 8 møte og handsama 61 saker.

4. TILSETTE

Fellesrådet hadde ved inngangen av 2023 arbeidsgjevaransvar for ca. 2,4 årsverk, fordelt på 5 tilsette:

Anne Marie Larsson – 100% stilling som kyrkjetenar / kyrkjegardsarbeidar ved Nissedal kyrkje, Treungen kyrkje og Felle kapell.

Anne Marie har vore 50% sjukemeld delar av året. I hennar stad har Jan Robert Meyer, Leif Lauvdal og John Nordbø vore tilkallingsvikarar.

Maria Skjæveland – 60% stilling som kontor i Nissedal sokn.

Reidun Lauvdal – 4,3% stilling som klokkar ved Treungen kyrkje. Ho slutta i stillinga 1.9.23. Det er ikkje tilsett nokon etter henne. Soknerådet har utfordra frivillige til å ta på seg klokkartenesta vidare

Bente Rønningen Meyer - 80% stilling som kyrkjevevje/dagleg leiar.

Dei 3 siste månadene i 2023 var Bente 100% sjukemeld.
Jon Inge Nordbø har vore vikar for kyrkjevevje, 80% stilling

Tilsette i Vest-Telemark prosti: **prostidiakon Eilev Erikstein.**
Tilsett i Agder og Telemark bispedøme: **sokneprest Knut Bjørn Skyttemyr fram til 01.09.**
Frå og med 01.09.23 har Ragnar Kortner vore prestevikar.

5. AKTIVITETEN I FELLESRÅDSARBEIDET

NISSEDAL:

- Planane for HC/toalett og utbetring av bårhuset i Nissedal var ferdige hausten 2023
- Pumpehuset vart det gjort ein stor jobb med i 2022 og vart gjort ferdig i 2023.
- Det vart gjort vedlikehaldsarbeid på kyrkja;
 - Utsifting av vannbord ned mot mur og lagt på beslag
 - Lagt på drenarande masser, grus inn mot mur
- Malermester Asbjørn Sletholt har hatt eit forprosjekt når det gjeld måling av kyrkja. I den runden kom det og for ein dag at det må skiftast papp og lekter på heile taket.

TREUNGEN:

- Ny flaggstong ved Treungen kyrkje

6. ØKONOMI

Resultat 2023:

Netto driftsresultat kr. 32.460,- Underskotet vert dekt av disposisjonsfondet.
Disposisjonsfondet, er etter dette kr. 196.229. Sjå rekneskapen

Av ulike årskar, er det nytta kr 550.700 av fond. Sjå rekneskapen. Bunde driftsfond er pr 31.12.2023 kr. 432.377

7. PLANAR FOR 2024

- Vedlikehald Nissedal kyrkje. (Måling av kyrkja, utbetring av tak og portar kring kyrkjegarden). Prosjektering, Søknad.
- Vedlikehald Treungen kyrkje. Måling og universell inngang til kyrkja. Prosjektering. Søknad.
- Lage ferdig planar for utviding av garasjedel av bårhus i Treungen
- Gjere ferdig pumpehuset. Dør.

- Gjennomføre arbeida med HC-toalett i og tilbygg til bårhuset i Nissedal
- Termografering av Treungen kyrkje, Nissedal kyrkje og Felle kapell kvart år.

8. SOKNERÅDET SITT ARBEID

Når det gjeld det frivillige arbeidet i kyrkjelyden var desse med i dei forskjellige underutvala og tenestene. Ein tok til med og avklare kven som vart med vidare inn i neste 4. års periode mot slutten av året. Nokre gav seg og nye har kome til. Dette arbeidet heldt fram utpå nyåret 2024.

Underutvala:

Trusopplæringsutvalet:

Anita Haugstad Haugsjå
Knut Bjørn Skyttemyr
Pauline G. Nordbø
Kyrkjeverje Bente Rønningen Meyer

Diakoniutvalet:

Astrid Eidem Nordal, held fram som leiar
Liv Lia
Anne Reime
Olav Borstad
Oddrunn Rekvik
Eilev Erikstein

Kyrkjeutval

Nissedal

Astrid Knutsen
Anne Berge,
Liv Kristin Oterholt
Marit Liodden
Jon Inge Nordbø
Gunnhild Breivik Rieber-Mohn, leiar
Liv Jorun Oterholt
Inger Johanne Aaheim
Kirsten Nordbø

Treungen

Liv Lia
Ine Jørgensen
Hilda Neset
Bjørn Leirvik
Øystein Fredriksen
John Olav Klodvik,
Bente Meyer

Friviljuge klokkarar i Nissedal

Linda Marit Skogli
Astrid Eidem Nordal
Pauline G. Nordbø

Tekstleserar:

Nissedal

Pauline G. Nordbø
Jorun S. Nordbø
Marit Liodden
Gunnhild Breivik Rieber-Mohn.

Fjone

Anne Reime

Treungen

Reidun Lauvdal
Bjørn Leirvik
Tove Neset (sluttahausten 2022)
Ungane i sundagsskulen les på familiegudstenestene

Felle

-

Kyrkjevertar.

Nissedal

Astrid Eidem Nordal
Gunnhild Breivik Rieber-Mohn
Jon Inge Nordbø
John Nordbø

Fjone

Olav Borstad

Treungen:

Øystein Fredriksen
Olav Arne Sønnerland
Hølje Haugsjå

Nissedal frivilligsentral

Styremedlem: Jon Inge Nordbø
Og leiar frå og med i 2023

Blomar på alteret:

Nissedal

Pauline G. Nordbø

Treungen

Liv Lia

Kontaktperson Kirkens Nødhjelp/Fasteaksjonen

Peter Chr Rieber-Mohn

Kontaktperson for soknerådet når det gjeld konsertar

Plakatansvarlege:

Anne Reime (Fjone)

Liv Kristin Oterholt (Kyrkjebygda)

Bente Meyer (Treungen)

Bente Meyer (Felle)

Redaksjon for kyrkjelydsbladet

Gunnhild Breivik Rieber-Mohn, Tor Valle, Knut Bjørn Skyttemyr og kyrkjeverje

Ekspedisjon av kyrkjelydsbladet

Kyrjekontoret og frivillige medarbeidarar; John Nordbø, Inger Johanne Aaheim, Elisabeth Åsland, Asbjørn Tveiten, Torill Sønderland, John Olav Klodvik, Hildegunn Kåsi og Synnøve Valle.

Aktivitet

Soknerådssaker gjennom året

- Gudstenestelister og ansvar ved gudstenestene. Det vart halde 44 forordna gudstenester på sun- og heilagdagdar. 6 gudstenester utanom sun- og heilagdagdar. Soknerådet er opptatt av tilbakemeldingar når det gjeld gudstenester og kyrkjelege handlingar.
- Visjon for soknerådet sitt arbeid, drøfta ved fleire sokneråd. Dette har no munna ut i eit vidare arbeid i 2024, med tanke på å lage ein samla plan for Kyrkja vår.
- Budsjett, rekneskap, budsjettrapportar
- Utlysing etter ny sokneprest, avskjedsfest for Knut Bjørn, vikarprest Ragnar Kortner
- Misjonsprosjektet held fram i 2 nye år
- Valet, nominasjonskomite, organisering og gjennomføring.
- Utsmykking av Treungen kyrkje – kopi av madonnafiguren frå kyrkja på Tveit, søknad sendt Biskopen og Riksantikvaren

Trusopplæringa. Trusopplæringsplanen for Nissedal Vår plan bygger i hovudsak på:

- Dåpsopplæringsplanen som vi hadde frå før
- Sundagsskularbeidet og yngresarbeidet i kommunen

Tiltak i årshjulet for trusopplæringa som er gjennomført er:

- Dåpssamtaler
- Babysong
- 4 års bok
- Tårnagenthelg
- Kode B

- Lys Vaken
- Aldri Aleine
- Konfirmasjonsundervisning med «Ønsket og elsket»
- Nattcafe

Pengane som fylgjer i trusopplæringsarbeidet gjekk i 2023 til

- Div. materiell og mat til ulike tiltak i trusopplæringsplanen
- Konfirmantopplegget «Ønsket og elsket»
- Underskot på kr 3622 vart tatt av trusopplæringsfond. Dette fondet er pr 01.01.2024 på kr 25.880
- Tiltaket Aldri Aleine gjekk kr. 2466 i pluss. Desse pengane vart avsett til bunde fond for dette tiltaket. Fondet er no på kr. 8.404.

Diakoniarbeidet.

Aktivitet i fylgje plan/Årshjul:

- "Saman i song" arr saman m Nissedalskoret på Mila 29.januar kl 17
- Dåpshelsingar til 6 born, der alle i utvalet deltok med levering av ei personleg helsing. Kort med påskrift av bornet sitt namn og ei mjuk bok.
- Diakoniens dag 23.april i Treungen med kyrkjekaffi på bedehuset
- Vaffelteltet Treungen festivalen fredag 4.august, Anne Reime og Astrid Eidem Nordal
- Kveldsmat etter Minnegudsteneste 5.november Bjørn Dagfinn deltok med song
- Blomehelsing til jol ved fylte 90 år, 3 personar -
2 på omsorgssenteret og 1 heimebuande
- Sorgsamling Treungen bedehus 20.nov
Prostidiakon og Liv Lia, inviterte og gjennomførte
- Prostidiakon er med ved "Kvileplassen" på Frivilligsentralen
Kyrkja er slik delaktig i eit viktig pårørandearbeid.
- Utanom planen:
- Innsamling til Ukraina ved NSFU (Norwegian Support For Ukraina)
/"Trailer til Ternopil" Aksjon over ein mnd. med levering 25.november i Solum
- Utvalet la til rette for innsamling her lokalt i kyrkjene og på bedehusa,
Olav Borstad og Astrid Eidem Nordal kjørte til levering, avtalt dato og sted.
- Takk til alle i utvalet som kvar på sin måte er diakon i vår kyrkjelyd
- Takk til Eilev som oppmuntrar og stimulerer til arbeidet vårt

Soknerådet får heile tida tilbakemeldingar korleis det går med arbeida i trusopplæringsutval og diakoniutval.

Nissedal sokneråd medlem av Nissedal frivilligsentral. Jon Inge Nordbø er soknerådet sin styrerepresentant. Han vart valt til leiar styret for frivilligsentralen på sentralen sitt årsmøte i 2023.

Fylg med på heimesida; nissedal.frivilligsentral.no eller Nissedal Frivilligsentral på Facebook! Dagleg leiar er Renate Hassel.

Diakoniprojektet i Mali

NORSahel. Gåver i 2023; kr. 39.775 (målsettinga er kr. 40 000,-)

Innsamla gåver

Gjevartenesta.

Innsamla i kyrkjene/vipps kr.112.365,50 (161 497,-)

Av dette;

- Eiga verksemd kr. 36.136 (32 908,-)
- NORSahel kr. 39.755 (57 085,33)
- Andre formål kr. 54.793 (71 504,-)

Fasteaksjonen kr. 17.817 (Kontantar i 2023) (45 110,-)

Til andre formål;

Sundagsskulen i Telemark 6446

Acta Barn og unge, Normisjon Telemark 16226

Kirkens Nødhjelp 27019

Frelsesarmeen 5101

Treungen den 10.04.2024

For Nissedal sokneråd

Gerd Irene Sønnerland
Leiar

Jon Inge Nordbø
vikar for kyrkjeverje



SPRELL LEVENDE

Årsmelding for søndagsskolen i Treungen bedehus 2023

Søndagsskolen hadde i 2023 bare 4 vanlege samlingar med dårleg frammøte.

Søndagsskolen har tilbod til born frå 0 år og oppover, innkludert tårnagentgruppe.

Leiarane har vore: Anita H. Haugsjå, Linda Solberg og Torill Sønnerland.

Samlingane er lagt opp slik: me har felles start med felles tekstgjennomgang for heile gruppa, før tårnagentane går opp i 2. etasje og fortsetter med sitt tårnagent-program.

Søndagsskolen deltok i fleire av familiegudstjenestene i 2023.

Dette året blei turen til Lonvassberget på Heimdalsheia arrangert saman med Frikyrkja og Normisjon.

Søndagsskulens dag blei arrangert i Nissedal også dette året. Me fekk besøk av konsulent Ove Berrefjord frå Søndagsskolen Norge. Etter gudstenesta samlast me utanfor bedehuset til kyrkjekaffi og leik. Ein fin dag med bra frammøte

Me skulle også ha arrangert slush-kurs i november 2022, men då kurshaldar blei sjuk blei kurset gjennomført i januar 2023. Som vanleg var kurset i samarbeid med Frikyrkja.

2.sundag i advent var søndagsskolen invitert til adventsamling i Haugsjåsund grendehus. Dette har vore tradisjon i mange år.

5. joledag var det joletefest i Frikyrkja. Borna framførte eit jolespel på ein glimrande måte, og det var gang kring joletreet. Til slutt var bordet dekkja med mykje godt å ete. Gildt å kunne samlast til fest.

Sønnerland 27.01.2024

Torill Sønnerland



SPRELL LEVENDE

Årsmelding for søndagsskolen i Felle kapell 2023

Søndagsskolen har i 2023 hatt samlingar ca. ein måndag i månaden frå september til mai. Tilbodet gjelder alle born frå 0 år og oppover.

Det har vore bra frammøte på samlingane. Me hadde 8 innskrivne born på Felle i 2023. Mange av borna er veldig små, så samlingane vert lagt opp etter det.

Palmesundag og fyrste sundag i advent deltok søndagsskuleborna i familiegudstenesta med prosesjon, ljostenning og song. Det var godt frammøte på dei to familiegudstenestene.

Fleire foreldre gir god praktisk hjelp. Til dømes informerer Linda Felle dei andre småborns-foreldra på Felle via facebook. Dette fungerer veldig bra.

Eit stort ynskje er å finne ein person som kan vere med å take leiaransvar for søndagsskolen på Felle.

«Vi vil gi JESUS TIL BARNNA»

Sønderland 26. februar 2024

Torill Sønderland

leiar



SPRELL LEVENDE

SUNDAGSSKULEN

ÅRSMELDING FOR NISSEDAL SUNDAGSSKULE 2023

Nissedal søndagsskule er tilslutta SØNDAGSSKOLEN NORGE og høyrer til Søndagsskulen Telemark krets.

Søndagsskolen Norge sin visjon er: Jesus til barna.

Nissedal søndagsskule held til på Kyrkjebygda bedehus med søndagsskule på søndagar kl.11-12.

I 2023 var det 11 (15) registrerte barn i søndagsskulen. Det har vore variabelt oppmøte på søndagsskulen dette året. Samlingane på våren kom det mellom 8 og 3 barn på søndagsskulen. På hausten slutta dei største barna, så då kom det mellom 1 eller 5 barn. Det var samlingar det ikkje kom nokon barn på søndagsskulen.

På våren hadde vi 7 samlingar og på hausten 6 samlingar + søndagsskulens dag.

Tekstmaterialet til søndagsskulen Sprell Levande har saman med bladet Barnas vore nytta dette året og.

Økonomi: Søndagsskulen har fått kulturmidler og frifondsmidler. Det gjer at vi framleis kan nytte tekstmaterialet og kan gi bladet Barnas til barna som kjem på søndagsskulen. Saldo ved årsskifte: Kr.6175,94.

Søndagsskuleleiarar i 2023:

- Astrid Eidem Nordal
- Pauline G. Nordbø

Nissedal, 8.februar 2024



Årsmelding for Nissedal Yngreslag året 2023.

Nissedal yngreslag er medlem i Acta – barne og unge i Normisjon, region Telemark. Yngreskveldane er på Kyrkjebygda bedehus torsdagar frå kl.17.30 – 19.00, og for alle som går i 1.-7.klasse. Vi valde å fortsette med yngres på annakvar torsdag. Oppmøte på yngres dette året svinga frå 23 til 7 barn.

Våren 2023: Våren var planlagt med 8 samlingar. Den eine samlinga var ein laurdag frå kl. 12-16. Det kom bare 8 barn på denne samlinga. Vi slutta vårsemesteret med å arrangere yngresbasar 27.april. Planen var besøk frå Acta Telemark. På grunn av sjukdom fekk vi ikkje besøk, i staden sende dei ein video som vi viste fram.

Hausten 2023: Hausten var planlagt med 6 samlingar pluss deltaking på hausttakkegudsteneste i kyrkja og grautfest på bedehuset etter adventsgudstenesta. På grautfest på bedehuset etter adventsgudstenesta i kyrkja var vel 110 samla.

Andakt: Tekstmaterialet SPRELL LEVENDE blei nytta, og besøk av sokneprest Knut Bjørn Skyttemyr og den nye presten Ragnar Kortner som heldt andakt.

Aktivitetar: Hobby – Spel – Utlodding/bollar og saft

Medlemmer: 21 barn

Medlemskontingenten er kr.100,- for året. Det er meldt inn 16 betalande medlemmar til Acta, Normisjon Telemark.

Leiarar: Jorun Marie Johansson – Solgunn G. Fossli – Jon Inge Nordbø – Pauline G. Nordbø.

Styret 2023 har vore: Pauline G. Nordbø, leiar, Jorun Marie Johansson kasserar, Solgunn G. Fossli og Jon Inge Nordbø sekretær.

Økonomi: ved årsskiftet hadde vi kr.11885,26 på kontoen.

I 2023 fekk Nissedal yngreslag støtte frå Frifondsmidlane og frå Nissedal kommune.

Konklusjon:

Leiarane står saman for å oppretthalde det viktige arbeidet, som drivast med mål om at barn og unge skal ha gode og inkluderande fellesskap der dei kan bli kjent med Jesus.

Nissedal, 30.januar 2024
Pauline G. Nordbø (leiar)

Årsmelding for kyrkjelydsbladet 2023

Mannskap

Kyrkjebladredaksjonen: Tor Valle, Gunnhild Breivik Rieber-Mohn og Knut Bjørn Skyttemyr Bente som kyrkjeverje er med og samlar stoffet og sender det til trykkeriet. 1. september var det skifte av prest. Ny prest, Ragnar Kortner, har ikkje vore med i redaksjonen. I Bente sitt sjukefråver frå og med 1. oktober, har vikar for kyrkjeverje, Jon Inge Nordbø, hatt hennar rolle.

Vi vil få rette ein spesiell takk til alle dei som på friviljug basis også i 2023 har lagt kyrkjelydsbladet i alle postkassene i Nissedal kommune: John Nordbø, Inger Johanne Aaheim, Torill Sønnerland, John Olav Klodvik, Asbjørn Tveiten, Hildegunn Kåsi, Synnøve Valle, Tor Valle og Elisabeth Åsland.

Rekneskapen er ført av Nissedal kommune, med soknerådet som økonomiansvarleg.

Redaksjonelt

Kyrkjelydsbladet har ført vidare dei "faste sidene" også i 2023 med intervju, kyrkjelydsinformasjon, gudstenestelister, sida "Ei tale for den som ser", "So blædde dei salmur" og "Bli kjent med salmeboka" v/Maria Skjæveland.

I tillegg har redaksjonen prøvd å halde ved lag ei "stor breidde" i resten av bladet.

Samarbeidet med kommunen om dei to "meldingsblad-sidene" har blitt vidareført.

Redaksjonen gler seg over gode tilbakemeldingar frå både bygdefolk og utflytte nissedølar.

Vi er inne i ein periode med utprøving av format på bladet.

Økonomi

Hjarteleg takk til dykk alle som har støtta kyrkjelydsbladet økonomisk.

Rekneskap	2022	2020	2021	2017	2023
11209 Diverse utgifter	0	0	0	2.210	545
11302 Porto	13463	10 203	8.652	10.547	10.767
11404 Trykking	29220	35 203	35.660	43.831	54.930
14290 Mva m. komp	4903	6 835	3.928	3.151	3.440
15501 Avsetning til bunde f.	0	7 101	0	0	0
17290 Mva komp drift	-4903	-6 835	-3.928	-3.151	-3.440
Sum kostnader	42683	52 507	44.312	56.589	66.242
17301 Refusjon frå k	-8000	- 8 000	-8.000	-8.400	- 8.000
18701 Gåver	-29632	- 44 507	-48.548	-41.021	- 43.177
19409 Bruk av medel k.b.	0	0	-6.967	- 7.392	- 15.065
19501 bruk av bundne fond	- 5052				
Sum inntekter	-42683	- 52507	- 56.548	-56.589	-66.242
450 Kyrkjelydsbladet	0	0	-12.236	0	0

Medel i fond Kyrkjelydsblad er pr. 01.01.24 kr. 39.650

Treungen 09.04.2023

For redaksjonen i kyrkjelydsbladet

Jon Inge Nordbø, vikar for
kyrkjeverje

Frå driftsrekneskapen 2023

Kyrkjeleg		
administrasjon	97930	
Val	-9553	
Kyrkjer	71012	
Nissedal kyrkje		
restaur.	-1398	
Nissedal kyrkje		
måling	-184233	
Gravplassar	151618	
Diakoniarbeidet	-9020	
Kyrkjemusikk	3029	
Trusopplæring	0	
Felle sundagsskule	0	
Aldri Aleine	0	
Kyrkjelydsbladet	0	
Nissedal kyrkjelyd	-16899	
Finansielle		
transaksjonar	-102487	
Meireforbruk i 23		32460
Brukte fond i		
driftsr. 23		550700
Disposisjonsfond		
31.12	228690	
Dekke		
meireforbruk 23	-32460	
Dispfond pr 1. april		
24	196230	196230
Bunde driftsfond		
31.12	432378	432378

Kommentar til rekneskapen frå 2023

Det nytta kr. 550700 av fond. Hovudårsaka her er.

- Planlegging og arbeid med pumpehuset i Nissedal. Nytt inntak, ny pumpe og tilrettelegging for eit vatningsanlegg som no berre er for Kyrkja. Ikkje lengre eit samarbeidsprosjekt i grenda.
- Planlegging og arbeid med vedlikehald av kyrkja i Nissedal.
 - Forprosjekt for måling av kyrkja
 - Utskifting av vannbord, ein del var rotne, ned mot muren rundt heile kyrkja. Vannborda er no i impregnerte materialar og med kvitt beslag oppå. Det er lagt på dreneringsmasser inntil muren rundt heile kyrkja.
- Konsulenttenester ved ombygging av bårehus
- Utgiftene til KLP vart 75% større enn budsjettert. Utgjorde kr 132.000
- På kyrkjegard 300
 - Ei innbetaling på kr 60.000 for gravstell vart ført til inntekt i 2022, og gjorde resultatet det året, kall det, kr. 60.000 for stort. Det får motsett verknad i 23 då vi sette av dette til gravstellsfond.
 - Det vart valt å utsette fjorårets innkrevjing av festeavgifter kr 40.000 til 2024.
- På finansielle transaksjonar, vart renteugiftene kr. 42.000 større enn budsjettert

Rekneskapen for 2023 har eit meireforbruk på kr. 32.460,12. Dette vert tatt frå disposisjonsfondet for å få rekneskapen i ballanse. Disposisjonsfondet pr. 31.12.23 var på kr. 228.689,96. Når underskotet er trekt frå, vil disposisjonsfondet vere på kr. 196.229,84.